

Lesekroken

AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS



FOTO/ILL.: GABRIEL LIO/DR. FERNANDO NOVAS

Alternative overskrifter

Undervisningsopplegg til artikkelen «Sjuåring fann merkeleg dinosaur» i Nygjerrigper nr. 1-2016

Overskrifta har to hovudfunksjonar: å få folk til å lese resten av teksten, og å gi eit hint om kva teksten handlar om. Er overskrifta god, bør ho setje i gang tankane hos lesaren, så forkunnskapar kjem opp automatisk. Nokre overskrifter seier så mykje at ein nesten kan gjette seg til kva som står i teksten. Det er tilfellet når det gjeld artikkelen «Sjuåring fann merkeleg dinosaur». Desse fire orda gir lesarane nok informasjon til å kunne gjette kva dei kjem til å lese.

- *Sjuåring* betyr at artikkelen handlar om eit barn som truleg har gjort noko uvanleg til sjuåring å vere.
- *Fann* inneber at dette barnet kanskje har leita etter eller snubla over noko interessant.
- *Merkeleg* tyder at denne artikkelen handlar om noko utanom det vanlege.
- *Dinosaur* vil seie at det handlar om noko utgammalt, eit forhistorisk dyr.

Elevane skal ut frå overskrifta dikte opp kva dei trur står i artikkelen. For å gjere det meir spennande, og for å sjå kor mykje dei kan dikte opp riktig berre ut frå overskrifta, er det laga to andre overskrifter som kunne ha tilhørt artikkelen.

NB. Jobb først saman med denne overskrifta (de skal jobbe med *tre* overskrifter før elevane les i bladet):

«Diego gir namn til nyoppdaga dinosaur»

Modeller korleis ein kan gjette seg til innhaldet i ein artikkel med denne overskrifta.

Eksempel: *Den kjente forskaren Diego har nyleg oppdagat ein helt ny dinosaurart. Av di funnet er så spesielt, og forskaren har gjort ein så imponerande innsats, har dinosauren fått namnet sitt etter forskaren: Diegosaurus.*

La elevane jobbe vidare med oppgåve 1 og desse to overskriftene **før** dei får bladet og Lesekroken:

«Vegetarianar-slektning til Tyrannosaurus rex oppdagat»
«Sjuåring fann merkeleg dinosaur»

Etter at elevane har delt dei oppdikta munnlege fagtekstane, kan dei sjå i bladet og finne overskrifta som er brukt.

Fasit leitekryss: Planteetar

Om Nygjerrigper og Lesekroken

Nygjerrigper er Noregs forskingsråd sitt tilbod til alle elevar og lærarar på 1.–7. steg. Vitskapsmagasinet Nygjerrigper, nettstaden nygjerrigper.no, konkuransen Årets Nygjerrigper og ulike lærartilbod er viktige delar av verksemda. Les meir på nygjerrigper.no

Med Lesekroken gir Nygjerrigper tips til korleis tekstane i bladet kan brukast til å auke lesekompentansen i alle fag hos elevane. Les meir på nygjerrigper.no/lesekroken



Lesekroken

Av Tuva Bjørkvold



1. Finn på innhaldet ut frå overskrifta

Jobb saman to og to, A og B. Fortel munnleg.

- A finn på innhaldet i artikkelen med overskrifta:
«Vegetarianar-slektning til Tyrannosaurus rex oppdagaa»
- B finn på innhaldet i artikkelen med overskrifta: «Sjuåring fann merkeleg dinosaur»
- Slå opp på side 20–21 for å finne overskrifta som er nytta.


3. Detektivlesing

- Korleis er tennene til ein planteetar?
- Kva grensar Chile til i nord, aust, sør og vest?
- Kva kan du seie om naturen i Chile?

Oppgåver til «Sjuåring fann merkeleg dinosaur»

Sjuåring fann merkeleg dinosaur

Meir om dinosaurar på nysgjerrigper.no
 • Om dinosauren (Artikkelen) sørskrifte.
 • Om dinosauren (Artikkelen) overskrift.
 • Om dinosauren (Artikkelen) bilde.
 • Om dinosauren (Artikkelen) teknologi.
 • Lær om dinosauren (Artikkelen) spørsmål.



2. Leitekryss

Orda står vassrett og loddrett.

- Finn og ring rundt orda frå lista under i leitekrysset.
- Finn og marker orda i artikkelen også.
- Kva for eit ord finn du ikkje i leitekrysset, men i artikkelen?

S	T	E	I	N	A	R	D	P	A	T
E	R	L	K	N	O	K	L	A	R	E
F	O	R	S	K	A	R	N	S	T	N
R	S	A	D	I	E	G	O	S	E	N
T	I	C	H	I	L	E	S	A	N	E
K	J	Ø	T	T	E	T	A	R	E	N
K	J	E	V	A	N	E	U	L	N	E
G	E	O	L	O	G	A	R	S	E	T

ARTENE
CHILE
DIEGO
DINOSAUR
FORSKAR

GEOLOGAR
KJEVANE
KJØTTETAREN
KNOKLAR
PASSAR

PLANTEETAR
STEINAR
TENNENE